

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Hareid kontrollutval  
**Møtestad:** Hareid rådhus - Kommunestyresalen  
**Dato:** 05.10.2021  
**Tid:** Kl. 08:30 – 11.30.

---

**Medlemmar som møtte**

Audun Ulstein  
Greta Nelly Kirkebø  
Inga Ishild Hareide  
Kjersti Røyset Topphol

**Representerer**

**Funksjon**

leiar  
medlem  
medlem  
medlem

**Forfall**

Øyvind Grimstad

**Representerer**

**Varamedlem**

Åse Kristensen Pilskog

**Representerer**

**Andre som møtte**

Vest kontroll:  
Jostein Støylen. Dagleg leiar.  
Jorunn Sandal. Spesialrådgivar.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon:  
Bodill Skeide. Dagleg leiar/revisjonssjef.

Hareid kommune:  
Ragnhild Velsvik Berge. Kommunedirektør. I sakene 34-07, 35, 34-04, 34-05 og 34-06.  
Bjørnar Haddal. Økonomileiar. I sak 35.  
Elisabeth Sandvik. Utleigeansvarleg. I sak 34-04.

Sakene vart behandla i denne rekkefølge: 30, 31, 32, 34-07, 35, 34-04, 34-05, 34-06, 33, 36, 37 og 38.

Åse Kristensen Pilskog fekk permisjon og gikk k.10.50 før sak 38.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
30/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/269
31/21	Godkjenning av protokoll	21/269
32/21	Skriv og meldingar	21/269
33/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/269
34/21	Orienteringar	21/269
35/21	Kvartalsrapport 2. kvartal 2021	21/389
36/21	Hareid kommune. Etterlevelse av bestemmelsar og vedtak for økonomiforvaltninga i kommunen	21/390
37/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/269
38/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/269

Stad, 06.10.2021

Audun Ulstein

## 30/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, med endring av saksrekkefølga etter avtalt tid for dei som skal orientere.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## 31/21 Godkjenning av protokoll

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## 32/21 Skriv og meldingar

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
12/21	Årsmelding 2020 Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid
13/21	Alle vet nå hva reformen krever av kommunene
14/21	Frå avisa kommunal rapport 16.09.2021 - Er det trygt å varsle til kontrollutvalet?
15/21	ssr-hovudutskrift-2021-03-26
16/21	SSR IKS Møtebok - Representantskapet
17/21	Orientering frå Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

## 33/21 Gjennomgang av møteprotokollar

### Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde

møteprotokollar.

**Behandling:**

Kontrollutvalet kan ikkje sjå at møteprotokollen for Næring og Miljø den 15.06.2021 er lagt på heimesida. Sekretariatet tek dette opp med administrasjonen.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## 34/21 Orienteringar

**Underliggende sak:**

Saksnr.	Tittel
04/21	Orientering frå kommunedirektør - Rutinar kring utleige og innleige
05/21	Tilsyn med kommunal beredskapsplikt Hareid kommune - Oppfølging
06/21	Rutine for eigarskapsstyring
07/21	Hareid Parkeringsselskap AS - årsrekneskap og orientering

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

**Behandling:**

Orientering 07/21 Hareid Parkeringsselskap styreleiar Oskar Grimstad og dagleg leiar Steffen Louis Urke orienterte og svara på spørsmål. Utfordringar har vore mindre inntekter på grunn av koronapandemien. Det har og vore fråfall av parkeringsplassar og det vert stilt spørsmål om erstatningsareal. Det er 90 reserverte plassar for pendlarar med årskort. Det er parkeringsplassar ved ferjekaia og hurtigbåtkaia det er pengar å tene.

Orientering 04/21 Rutinar kring utleige og innleige. Kommunedirektør Ragnhild Velsvik Berge og utleigeansvarleg Elisabeth Sandvik orienterte og avara på spørsmål. Det vart brukt PowerPoint som vert lagt på saka, og vi visere til denne. Kontrollutvalet ynskjer oppfølgingsorientering i 2022.

Orientering 05/21 Tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Kommunedirektør Ragnhild Velsvik Berge orienterte og svara på spørsmål. Ikkje kome i mål grunna manglande personalressursar. Skal sjåast i samanheng med kommuneplanen sin Samfunnsdel.

Noverande omhandlar berekskap, men er frå 2006 og mykje er såleis forelda.

Orientering 06/21 Rutine for eigarskapsstyring. Kommunedirektør Ragnhild Velsvik Berge orienterte og svara på spørsmål.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## **35/21 Kvartalsrapport 2. kvartal 2021**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa, kvartalsrapporten og finansrapporten for 2. kvartal 2021 til vitende.

### **Behandling:**

Kommunedirektør Ragnhild Velsvik Berge og økonomileiar Bjørnar Haddal orienterte og svara på spørsmål. Det vart brukt PowerPoint som vert lagt på saka, og vi viser til denne.

Økonomisjefen opplyste at det i framtida vil verte lagt meir vekt på periodisering og han ser difor fram til nytt økonomisystem som vil handtere dette betre.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek kvartalsrapporten og finansrapporten for 2. kvartal 2021 til vitende.

## **36/21 Hareid kommune. Etterlevelse av bestemmelsar og vedtak for økonomiforvaltninga i kommunen**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek til orientering revisjonen sin gjennomgang av korrekt etterberekning av vederlag for eigendel for kommunale helse- og omsorgsteneste, avgrensa til etterleving av regelverket vedkomande vederlagsberekning ved institusjonsopphald.

### **Dagleg leiar si tilråding**

Kontrollutvalet tek til orientering revisjonen sin gjennomgang av korrekt etterberekning av vederlag for eigendel for kommunale helse- og omsorgsteneste, avgrensa til etterleving av regelverket vedkomande vederlagsberekning ved institusjonsopphald.

## **37/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

**38/21 Saker til eventuell seinare behandling****Vedtak:**

Kontrollutvalet viser til det som kjem fram under behandling av saka og ber sekretariatet følge opp.

**Behandling:**

Kursing. Sekretariatet orienterte om aktuelle kurs som kan vere mulig å gjennomføre: Generelt kurs for kontrllutvalsmedlemer, kurs forstyremedlemer, representantskapsmedlemer/generalforsamlingsmedlemer og data- og økonomisk kriminalitet. det var spesielt ynskje om å få det genereller kurset for kontrollutvalsmedlemer i vårt område.

Bedriftsbesøk/einingsbesøk med omvisning: SSR IKS i 2021 og Hadartun i 2022.

Fotballhallsaka. Skal som sak på møte 02.11.2021. Øyvind Grimstad må kome med notatet, jf. sak 12/21, til Vest kontroll snarast og seinast 20.10.2021.

Status om Vassledning på Riise. Audun Ulstein må kome med notatet, jf.sak 12/21, til Vest kontroll snarast og seinast 20.10.2021.

Be om orientering på eit av møta i 2021 frå ordførar og kommunedirektør om praksisen på kommunale tomtekjøp. Ein ber om å få eventuelle retningsliner på området samt kjøpekontrakter siste fem åra.

Kontrollutvalet vil ha kommunedirektøren/administrasjonen til å orientere om rutinane kring postlistene, gjerne i eit av møta i 2021.